



Undervisningsleiar Johanne Øvstebø Tvedten saman med Helen Petersen frå Sunnhordland Museum kjem til Bygdetunet Rød tysdag 7. og onsdag 8. desember med programmet Jul i gamle dagar

Tilbodet er for 2. klasse og desse skulane skal til Rød desse dagane: Bringedalsbyda, Uskedalen, Valen, Undarheim og Uskedalen.

Jul i gamle dagar er eit dramapedagogisk program med rollespel. Elevane vert engasjert i ymse juleførebuande arbeid og juletradisjonar før vert levandegjort på ein god måte. Det har med åra vorte ein tradisjon med Jul på Rød.

Tilbodet starta med Tutta Laukholm på 1990-talet og er seinare vidarteført med Johanne Ø. Tvedten, På biletet er pedagogane i aksjon eit tidlegare år.
(Foto: Ola Matti Mathisen)